

Olje- og Energidepartementet  
Einar Gerhardsens plass 1,  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Volda 17. januar 2011

### **Høyring utkast til lov om elsertifikat.**

Vi syner til høyringsbrev frå departementet av 8. desember 2010 med utkast til lov for elsertifikat.

I Volda kommune er det bygd ut 8 småkraftverk dei siste 10 -15 åra og fleire er under planlegging og konsesjonshandsaming.

Felles for dei som er bygde ut etter 2004 er at dei har starta utbygging ut frå lovnaden om at dei skulle kome med i elsertifikatmarknaden når den vart etablert.

Vi syner i det høve til Stortingsmelding nr 9 (2002-2003) og stortinget si innstilling til den.

Vidare viser vi til St. meld. nr 18 (2003-2004) og innstilling frå komiteen som understreka behovet for at ein snarast må få i stand grøne sertifikat slik at investering i produksjonsanlegg for ny fornybar energi ikkje stoppa opp.

Ein særmerknad og eit forslag i innstillinga frå Ap, SV og Sp om at ein må innføre ei ordning alt frå 01.01.2005 oppmuntra til å tru at eit samla storting stilte seg bak ei ordning ein kunne feste lit til.

Volda Senterparti har sett positivt på dei prosjekt som er bygde i kommunen og er glad for at bygdefolket er villig til og satset på å utnytte dei naturgitte ressursane i bygdene til produksjon av fornybar energi. Det har ført til litt opptimisme i distrikta og styrka ei foretaksevne som Volda Senterparti ser som viktig for utvikling av kommunen.

Mange av prosjekta er og finansierte med sikte på at ei sertifikatordning vil kome.

Vi syner elles til alle sentrale politiske markeringar både i 2005, 2006 og 2007 om feed-inn ordning, Enova tilskot og endelig nye forhandlingar med Sverige og avtale 7.9 2009 om ei felles sertifikatordning frå 2012 med ein overgangsbestemmelse for dei som hadde bygd ut etter 1.1.2004.

Stor er derfor vår undring over at i lovutkastet sin § 8 punkt b er det teke inn ei begrensing som gjer at elvekraftverk med over 1 MW installert effekt ikkje skal kome med i ordninga. Det betyr at mest alle småkraftverk i vår kommune som har investert i tillit til lovnader som er gitt, er ført bak lyset og svikta av dei parti som no sit i regjering.

Volda Senterparti kan ikkje akseptere at regjeringa i staden for å fremme ei utbygging av fornybar energi gjer det stikk motsette i ei tid då behovet for å få fram meir fornybar energi er stor.

Volda Senterparti bed derfor om at dette vert retta opp i lovproposisjonen slik at § 8 punkt b får ein ordlyd som gjer at alle småskala elvekraftverk opp til 10 MW som er bygde etter 1.1.2004 vert godkjende som produksjonsanlegg med rett til elsertifikater.

Med helsing  
Volda Senterparti

Per Steinsvik  
styreleiar

Kopi til : Stortingsgruppa til Senterpartiet  
Senterpartiet sin hovudorganisasjon  
Møre og Romsdal Senterparti